



Det Kongelige kommunal- og regionaldepartemet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

| |
|--------------------|
| KOMM. OG REG. DEP |
| 03 FEB 2006 |
| 05/3280-199 |
| Ark. 661.0 |
| Avd. KO / YØ / HER |

Dykkar ref.: 05/3280-2 NIN

Vår ref.: 05/1254-4

Arkiv: K1-103,
K3-&13

Dato: 02.02.2006

INNTAKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR - HØYRING

Vi viser til brev datert 28.10.2005.
Her følgjer saksutgreiinga med vedtak:

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

| Styre, komite, utval | Møtedato | Saknr | Sbh |
|----------------------|------------|--------|-----|
| Formannskapet | 20.01.2006 | 013/06 | KOM |
| Kommunestyret | 31.01.2006 | 004/06 | KOM |

| | | |
|---------------------------------|--------------------------------------|--------------------------|
| Saksansvarleg Magne Kongsvik | Arkiv: K1-103, K3- &13 Objekt: | Arkivsaknr 2005001254 |
|---------------------------------|--------------------------------------|--------------------------|

INNTAKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR - HØYRING

Dokumentliste:

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|---|---|
| 1 | I | 28.10.2005 | Det Kongelige kommunal- og regionaldepartemet | HØRING - NOU 2005: 18 FORDELING, FORENKLING, FORBEDRING - INNTAKTSSYSTEMET FOR KOMMUNER OG FYLKESKOMMUNER |

Saksutgreiing:

Den 28. okt. fekk kommunane oversendt innstillinga frå Borge-utvalet om "Fordeling, forenkling, forbedring – Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner". Ein legg ved kopi av kapittel 2. Samandrag. Høyringsfristen er 1. februar.

Rådmannsutvalet under KS-Rogaland sette ned ei arbeidsgruppe for å gå gjennom det omfattande høyringsdokumentet og utarbeide eit grunnlag for saksbehandlinga i kommunane. Ein legg ved rapporten frå arbeidsutvalet, der undertekna var ein av medlemmane.

Vurdering:

Inntektssystemet består av fleire deler: Utgiftsutjamninga, inntektsutjamninga, distriktspolitiske tilskot, skjønnsmidlar og overgangsordningar. Rådmannen viser til rapporten frå arbeidsgruppa og skal i liten grad kome med ytterlegare kommentarar på alle punkta.

Utgiftsutjamninga. Forslaga frå Borge-utvalet fører til at Finnøy kommune no ville fått auka sin koeffisient frå 1,277 til 1,290. Sjølv om dette ikkje er stor endring, så går det i positiv lei og viser også at vi hittil ikkje har fått urimeleg god dekning for våre utgiftstilhøve. Om koeffisienten vil bli like positiv dersom utvalet sitt forslag blir gjennomført om nokre år, vil avhenge av utviklinga i alle dei kriterier som ligg bak alle deler av utgiftsutjamninga. Kostnadsnøkkelen for barnehagar er nokså ny, men denne blir det først tatt omsyn til når øyremerka statstilskot til barnehagar blir innarbeidd i rammetilskotet.

Inntektsutjamninga vart omlagt i 2004, og Borge-utvalet har då tatt dette til etterretning.

Distriktspolitiske tilskot. Ein viser her til kapitlet i arbeidsgruppa sitt dokument. Ut frå faglege kriterier er det ikkje så enkelt å argumentere mot framlegget frå Borge-utvalet om opplegget og kriteria for eit distriktspolitisk tilskot til erstatning for dagens regionaltilskot m.m. Ein kan kanskje hevde at å auke statteinntektsgrensa frå 110 % av landsgjennomsnittet til 120 % i staden burde blitt nytta til å auke indikatorgrensa frå -1 til null eller positivt tall. Dette ville nok likevel neppe gagne Finnøy då vi ligg inne med ein indikatorverdi på + 1,15. Når Finnfast gir over 60 % av folketalet i Finnøy kommune fastlandssamband, vil nok indikatorverdien auke ytterlegare. Etter framlegget frå Borge-utvalet vil Finnøy kommune tape heile regionaltilskotet som då var på vel 3,3 mill. Etter vedtatt statsbudsjett for 2006 vil tapet bli på 4,9 mill. Her ligg nok likevel eit håp om at Stortingsfleirtalet ikkje synes å ville følgje Borge-utvalet sitt framlegg på dette punktet.

Skjønnsstilskot. Framlegget om å redusere omfanget og føremåla for eit skjønsmessig tilskot synes rimelege ut frå kravet om eit enklare, meir stabilt og rettferdig inntektssystem. Samla tilskotssum i systemet vil likevel vere så stor at det bør kunne vere dekkande for dei kommunar som har særskilte kostnadstilhøve m.m. som dei sjølve ikkje har styring på.

Overgangsordningar/inntektsgarantitilskot. Dagens ordningar ved endring av systemet og innlemming av øyremerkte tilskot er svært innvikla og vanskeleg å finne ut av. Borge-utvalet sitt framlegg om ingen kommune skal tape meir enn kr. 400,- pr. innbyggjar kvart år på grunn av omleggingar i inntektssystemet er eit enklare og meir forståeleg system. Vinnarane ved omleggingar må vere med å dekke i alle høve noko av inntektsgarantitilskotet. Ein kan sjølvsagt diskutere om eit tap for t.d. Finnøy kommune på ca. 1,1 mill for eitt år er rimeleg eller ikkje. Omlegginga av inntektssystemet etter Borge-utvalet si innstilling vil gje vår kommune ein gevinst på kr. 462,- pr. innbyggjar ut frå kriteria utanom distriktspolitisk tilskot. Når vi taper ca. 1.200,- pr. innbyggjar på grunn av at vi ikkje lenger vil få distriktspolitisk tilskot, så er vårt netto tap på kr. 730,- pr. innbyggjar. På grunn av inntektsgarantitilskotet vil tapet bli fordelt på 2 år. Med auka regionaltilskot i 2006 kan tapet vårt bli på ca. kr. 1.300,- pr. innbyggjar, og då bli fordelt over 3-4 år. Som eit ytterpunkt kan ein nemne at Utsira kan få eit tap som er så stort at det vil bli fordelt over meir enn 20 år.

Konklusjon.

Framlegget frå Borge-utvalet om endringar i inntektssystemet må seiast å oppfylle mandatet om eit enklare, meir forutseieleg og meir "rettferdig" fordelingsystem.

Når ein har sett rettferdig i hermeteikn, kjem nok dette av at kommunar ofte har lag til å sjå på alle endringar som gir dei positiv utteljing som rettferdige og motsatte endringar er då urettferdige. Fordeling er i tillegg til faglege vurderingar også politikk og skjønn, og av denne grunn avheng fasiten ein del av kven som vurderer den.

Ankepunktet frå Finnøy kommune må vere at omlegginga av distriktspolitisk tilskot som fører til at vi ender opp med årleg 4,9 millionar mindre enn no er urimeleg. Sjølv med Finnfast vil vår geografi og tilhøyrande smådriftsulemper gjere det svært vanskeleg å gje eit rimeleg godt tenestetilbud til våre innbyggjarar dersom årsbudsjetta skal vere nesten 5 mill. lågare enn no.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet rår kommunestyret til å gje positiv tilslutnad til innstillinga frå Borge-utvalet om inntektssystemet med unnatak av opplegget for distriktspolitisk tilskot. Sjølv om det vil vere rett at nokre nye kommunar kjem inn under ordninga, så synes det urimeleg at over 30 kommunar med eitt skal tape årlege tilskot på 4,9 mill. For Finnøy kommune vil det i alle høve bli svært vanskeleg å kunne gje våre innbyggjarar i ein geografisk desentralisert kommune gode tenestetilbud med eit så stort inntektstap.

FSK-013/06 VEDTAK 20.01.2006:

Johan Halne (KRF) sette fram forslag om at "svært vanskeleg" i siste setning blir skifta ut med "umogleg".


Innstillinga med endringsforslaget frå Johan Halsne vart samrøystes vedtatt.

KS-004/06 VEDTAK 31.01.2006:

Samrøystes som tilrådinga frå formannskapet.

Dette til orientering.

Med venleg helsing
Finnøy kommune



Torunn Hobberstad Ueland
serviceleiar

Kopi til:

Revisor
Øk. avd.